


Årsmelding 2024

Rådet for personar med funksjonsnedsetting



Bilete henta frå Friluftsrådenes landsforbund

Rådet har hatt denne samansetjinga i 2024:

Medlemer:

Jon Ove Lomheim (leiar)

Mona Åsen, Jostedal (nestleiar)

Hermann Odd Stein

Merethe Aasen

Kjellrun Susanne Vigdal

Varamedlemer

1. Mette Alme

2. Odd Atle Stegegjerdet

3. Charlotte Alme Bringe

Observatør frå kommunestyret:

Lars Jørgen Kjærviik

Personleg varamedlem: Jonny Gjerde

Rådet har i 2024 hatt 3 møte i fyrste halvår og 3 møte i andre halvår.

42 saker vart handsama inklusiv referatsaker.

I 2024 har rådet og eldrerådet hatt fellesmøte der administrasjonen har delteke og informert om aktuelle saker. Råda har vore samla i plenum på føremiddagen og hatt møte kvar for seg etterpå, med kvar sin sekretær.

Forutan å vera eit rådgjevande organ kan rådet ta opp saker på eige initiativ.

Tidspunkt for møte og saksdokument er å finne på kommunen si nettside.

Rådet er forankra i Kommunelova § 5-12 og «Forskrift om medvirkningsordning §3».

Informasjonssaker frå administrasjonen i 2024:

- Helse- og omsorgstenesta mot 2030 har vore til orientering i fem av møta.
- Mottak av flyktningar
- Årsrapport, rekneskap og budsjett
- Stortingsvalet og ny vallov
- Diverse planarbeid i kommunen
- Parkering i Solvorn og skilting
- Utviding av ATS
- Ny barnehage på Hafslø
- Regional IKT-løyving – digital opplæring
- Universell utforming av kyrkjene
- Fleirbrukshall på Hafslø
- Hjelpemiddelordning i kommunen
- Utviding av badeplass i Solvorn
- Billettprisar i Lustrabadet ved organisert trening
- Folkehelseprofil
- Politisk frivilligheitserklæring 2024 – 2028
- Status drift i helse- og omsorgstenesta

Rådet er svært nøgde med informasjonen frå administrasjon.

Rådet har fast sak i møta «Status oppfølgingsliste», som blir ajourført etter kvart møte.

Rådet er opptekne av at saker som dei har handsama blir følgde opp. Det er ønskjeleg at ordføraren er med på deler av møtet for orientering om saker rådet er opptekne av.

Saker rådet har arbeida med i 2024:

Som i tidlegare år har rådet vore oppteken av HC-plassar i kommunen

Det må bli enklare for dei med HC-kort (parkeringsløyve for forflyttingshemma) å finne HC-plassar i Luster kommune.

Døme: ved offentlege kontor, ved kyrkjene, tannlege, barnehage, skule og ved idrettsanlegg.

Det er mangelfull skilting og manglande HC-parkering. Plassane skal vera tydeleg skilta og merka, både på bakken og på stolpe.

Plassane skal vera på jamn flate utan stigning slik at heisen kan senkast til bakkenivå.

Eks.: Ved Lustrabadet der plassane er i oppoverbakke.

I Hafslø sentrum er det kun ein parkeringsplass for HC. (ved barnehagen)

Som dei tre siste åra etterlyser rådet overbygd HC-parkering og høve til lading av HC-bilar.

Bussoppstillingsplassen i Gaupne sentrum er ikkje flytta til den andre sida av riksvegen, men plassen er endra på slik at ein unngår at bussane köyrer om rådhuset.

Oppvekstreform/kommunal plan for førebygging

Sak om barnevernsreforma, gjerne kalla oppvekstreforma vart handsama av råda og kommunestyret i fyrste halvdel av 2024. Oppvekstreforma skal styrka kommunen sitt førebyggjande arbeid og tidleg innsats, særleg opp mot omsorgssvikt og åtferdsvanskar.

Med barnevernsreforma vert det innført ei plikt om at kommunestyret skal vedta ein plan forarbeidet med å fremja gode oppvekstvilkår, og for å førebyggja at barn og unge vert utsett for omsorgssvikt eller utviklar åtferdsvanskar.

I planen kjem det fram kva kommunale tenester som skal ha ansvar for dei ulike førebyggjande oppgåvene, og korleis dei samarbeider. Planen er eit verktøy for å sikra forpliktande og systematisk innsats for å leggja til rette for heilskaplege tenester.

Universell utforming (UU) av sjølvbeteningskassar i butikkane

Rådet har handsama sak om UU av sjølvbeteningskassar i butikkane. Det er sendt ut brev til butikkane med oppmoding om at kassane blir utforma slik at alle kan få ei god handleoppleving.

Anna:

Rådet er invitert til arbeidsmøte for nytt helse- og omsorgssenter i Gaupne. Merethe Aasen møter for rådet med Jon Ove Lomheim som vara.

Rådet er opptekne av tilgjenge innandørs generelt, tilrettelegging for rullestollsbrukarar i kyrkja i benkerad osv.

Det vert elles vist til fleire saker i «Status oppfølgingsliste».

Rådet har komme med uttale i følgjande saker:

- reguleringsplanar, arealplan og kommunal transportplan
- Budsjett, økonomiplan og betalingssatsar
- innkorporering av FN sin konvensjon om rettane til menneske med funksjonsnedsetting (CRPD) i norsk lov.

Tilgjengepris

Den 15. desember 2022 oppretta kommunestyret i Luster ein tilgjengepris for einskildpersonar, bedrifter, lag og organisasjonar som har gjort ein særleg innsats for å betre tilgangen for alle med universell utforming (UU) av bygg eller uteområde i lokalsamfunnet.

Formålet med prisen er å setje positivt fokus på arbeidet for å fjerne eller redusere barrierar som hindrar deltaking i samfunnet.

Universell utforming handlar ikke kun om fysisk utforming, men også om tilrettelegging av aktivitets- og kulturtilbod.

Påskjøninga er markering med diplom og blomster.

Det er rådet for personar med funksjonsnedsetting som tek avgjerd om kven som skal få årets «Tilgjengepris»

Prisen for 2024 gjekk til «Tilrettelagt friluftsliv» Det er tre samarbeidande organisasjonar som står bak Tilrettelagt friluftsliv: Luster turlag med undergruppa FTU Luster, NFU Luster lokallag og Luster frivilligsentral.

Vedlegg:

Oppfølgingsliste per 31. desember 2024

Oppslag i Sogn Avis i samband med utdeling av tilgjengepris 2024